



Alsaker Fjordbruk AS
avd Salar Bruk
5694 ONARHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1579 - 15/2976

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
16.02.2015

Godkjenning av søknad om motorferdsel i Rylandsvassdraget 2015.

Administrativt vedtak. Saknr: 44/2015

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 16/01.2015. Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Settefiskanlegget Salar Bruk AS søker om generell dispensasjon frå lokal forskrift om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget. Det vert søkt om løyve fram til 31.12.15.

Salar Bruk oppgjeve at dei har installasjonar (leidningar, demningar/overlaup, målestavar m.m.) i vassdraget, og for at desse til ei kvar tid skal vera operative, er ein heilt avhengig av m.a. ulike kontrollfunksjonar. For å utføra denne delen av drifta, er det viktig å kunne nytta båt med motor, for på ein rasjonell måte kunne utføra turvande gjeremål/service m.m.

Det kan også oppstå akutte situasjonar, brekkasjar på installasjonar som er knytt til drifta av anlegget, samt andre nødvendige tiltak med drifta av anlegget som må gjennomførast. For å avbøta og utbetra slike situasjonar, kan det ofte vera trøng for raske aksjonar for å nå fram til aktuell stad/tiltak. Bruk av båt med motor til transport av personell, utstyr m.m. for å avgrensa mogelege skader eller utføra planlegde tiltak, vil vera heilt avgjerande.

Søkjar skriv vidare i søknaden at dei vil tru at ovannemnde tiltak i ei eller anna form, vil vera så pass avgjerande for både den tekniske drifta av anlegget og trygging av viktige arbeidsplassar i kommunen, at det kan gjevest turvande dispensasjon frå forskriften slik det m.a. vert skissert i §5 (jamfør særlege grunnar i § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag). I samarbeid med

kommunen vil det vera praktisk at eit eventuelt løyve til bruk av motorfartøy kan gjelda for eit lengre tidsrom.

Settefiskanlegget fekk i 2014, sak 206/14, generell dispensasjon til å nytta motorfartøy i Rylandsvassdraget for året 2014. Løyvet vart m.a. gjeve på vilkår av at det skulle først logg over tal turar og timer som motorfartøy vart brukt, samt at dette skulle rapporterast til kommunen. I den aktuelle tida i 2014 nytta verksemda open båt med motor totalt 5 gonger på Rylandsvatnet. Og dei er utført i samband med kontroll av inntaksleidningsarrangementet.

Vurdering:

I § 5 i den lokale forskriften finn ein m.a.:

I medhald av § 6 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag kan kommunen gjeva løyve til bruk av motorfartøy etter søknad. Løyvet kan gjevast til eit høve eller tidsrom. Meland kommune kan setja vilkår for løyvet.

Administrasjonen meiner at løyvet med vilkår som vart gjeve i 2014 har fungert godt og det kan difor vidareførast i 2015 som omsøkt.

Vedtak:

Meland kommune gjev Salar Bruk AS generell dispensasjon til å nytte motorfartøy i Rylandsvassdraget. Løyvet gjeld frå 08.02.15 til 31.12.15.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Det skal ikkje nyttast større motor enn 10 HK og farten på fartøyet må ikkje overstige 5 knop. (1,852 km/t). jf § 4 i: Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget.
2. Salar Bruk AS skal føre logg over tal turar og timer som motorfartøy vert brukt i løvingsperioden. Når perioden er slutt skal kopi av loggen sendast Meland kommune.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Alsaker Fjordbruk AS

avd Salar Bruk

5694

ONARHEIM

